

Søker

Opplysninger om institusjonen

Kommunenavn	3000 kommune
Institusjonsnavn	Fylkesbiblioteket i Akershus, Buskerud og Østfold
Postadresse	Postboks 3563
Postnummer	3007
Poststed	Drammen
Institusjonens leder	
Fornavn	Heidi
Etternavn	Hovemoen
Telefon	47 385 571
E-post	heidihov@bfk.no

Sluttrapport

Tittel på tiltaket	Bok ut, bok inn! Litteraturformidling til barn og unge i Akershus, Buskerud og Østfold
Tildelt beløp	1 400 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2024, 2025

Mål for tiltaket

Resultatmål:

- Flere bibliotekansatte har fått erfaring med nye formidlingsmetoder fra Fif-prosjektet
- Flere bibliotekansatte formidler jevnlig litteratur på helsestasjoner, i barnehager og på skoler
- Flere ansatte i barnehager, skoler og helsestasjoner kjenner den nye litteraturen
- Økt utlån av barne- og ungdomsbøker i bibliotekene
- Flere aktive lånere under 18 år

Tiltaket er forankret i Temastrategi for bibliotekutvikling 2022-2025 (viken.no) og målet om at "bibliotekene i Viken skaper flere og bedre lesere". Viken fylkeskommunen skal: 1. Bidra til at barn og unge har god tilgang til litteratur 2. Prioritere formidlingskompetanse rettet mot barn og unge. 3. Utvikle felles verktøy for litteraturformidling som skaper leselyst. (s. 7) Tiltaket er også forankret i den utvidede nasjonale bibliotekstrategien, særlig målet om å styrke bibliotekansattes arbeid med å formidle det store mangfoldet i bibliotekenes samlinger ved å nå nye brukere, få flere til å lese og øke utlånet.

Rapport

Målgrupper

Tiltaka i prosjektet kan delast i to: 1. Folkebibliotekas arbeid med litteraturformidling til barn og unge. 2. Fylkesbibliotekets kompetansetiltak for bibliotektilsette.

Folkebibliotekas arbeid retta seg mot barn og unge på helsestasjon, i barnehage, på mellomtrinn, ungdomstrinn og videregående skole i til saman 24 kommunar: Drammen, Enebakk, Frogn, Gol, Halden, Hemsedal, Hole, Kongsberg, Lier, Lunner, Krødsherad, Sigdal, Moss, Nesbyen, Nesodden, Nittedal, Nordre Follo, Rakkestad, Ringerike, Skiptvet, Ullensaker, Vestby, Øvre Eiker og Ås.

Nesbyen bibliotek kom med i prosjektet etter at søknaden var sendt.

Folkebiblioteka i Eidsvoll, Gjerdrum, Nes og Hol var med i prosjektsøknaden, men måtte trekke seg av ulike årsaker.

Fylkesbibliotekets kompetansetiltak har nådd barne- og ungdomsbibliotekarar og skolebibliotekarar på grunnskole og på videregående skoler i Akershus, Buskerud og Østfold.

Innhald og aktivitetar i tiltaket

Folkebiblioteka som deltok i prosjektet valte aktivitetar innanfor følgande kategoriar:

- Bok og baby; Litteraturformidling på helsestasjon
- Litteraturformidling i barnehagen og arbeid med Tøyveskebiblioteket.
- Sommerles-turné og litteraturformidling på barnetrinnet.
- Litteraturformidling inspirert av Lesersørvis for elever på mellomtrinnet.
- Shared Reading for grupper i ungdomsskole
- Bokprat og forfattarmøte for elever i videregående skole

Fylkesbiblioteket arrangerte kurs i Lesersørvis til barn og Shared reading for ungdom.
Prosjektdeltakarane vart oppfordra om å ta nettkurset «Leselyst med dei minste – saman om lesekultur.»

Resultat

Det var gjennomført i overkant av 350 arrangement der biblioteka formidla litteratur til ulike grupper barn- og unge utanfor bibliotekrommet gjennom prosjektperioden. Til saman formidla biblioteka litteratur til ca. 9150 barn og unge. Av desse var 400 barn på helsestasjon, 5850 barnehagebarn, 800 elever på barnetrinnet, 1400 elever på mellomtrinnet, 500 elevar på ungdomstrinnet og 300 elever i videregående skole. I tillegg fekk også mange søsken og foreldre glede av formidlingstiltaka.

Formidlinga vart gjennomført på helsestasjonar, i barnehagar, på skoler, på musikkteater, i kjøpesenter, som del av festivalar, som del av større bygde-arrangement, i skogen og i fjæra.

Biblioteka i prosjektet er særst nøgd med resultata av prosjektet i eigen kommune. Dei melder tilbake at det har vore nyttig å bli betre kjent med barn, unge og tilsette i barnehagar og skoler på deira daglege arena, og at dette kommer alle parter til gode. Biblioteka har sett pris på at fylkesbiblioteket har hatt prosjektansvar, då det frigir tid for dei.

Her er noko av det biblioteka trekk fram som positivt i evalueringa:

«Gjennom prosjektet og samarbeidet med helsestasjonen har vi nådd ut til mange nye foreldre og barn som nå vet om bibliotekets tilbud og viktigheten av tidlig lesestart.» (Lunner bibliotek)

«Det er blitt enklare for heimane til barnehageungane å få tilgang på god litteratur.» (Hemsedal bibliotek)

«Det har vært jevn økning av barnefamilier som besøker biblioteket på lørdager.» (Rakkestad bibliotek)

«Vi kom i kontakt med ungdommer på en ny måte. Gjennom å dyppdykke i litteratur gjennom Shared Reading, fikk flere elever se en annen side av å lese.» (Ullensaker bibliotek)

Enkelte bibliotek rapporterer om utfordringer knytt til oppstart av prosjektet, men at dette har blitt løyst i løpet av prosjektperioden, ikke minst ved at ein har blitt betre kjent på tvers av institusjonar. Mange melder tilbake om auka samarbeid i ettertid. Dette blir særleg trekt fram når det gjeld bibliotek og barnehage.

Erfaringar som andre kan dra nytte av

Me hadde ei digital oppstartsamling og undervegs i prosjektet vart det organisert fem digitale «prosjektpratar». Hovudmålet med prosjektpratane var at prosjektbiblioteka skulle lære og bli inspirert av kvarandre. Eit eller to bibliotek vart utfordra kvar gong til å dela erfaringar frå prosjektet. Dette var særleg vellukka, og gjorde at me fekk henta ut verdien av å vere mange aktørar i prosjektet. Biblioteka meldte tilbake til oss at dei lærer mykje av kvarandre og får idear når dei høyrer kva andre har gjennomført. Ein anna fordel var at fylkesbiblioteket fekk gitt viktig informasjon som gjaldt for alle deltakarbiblioteka. For fylkesbiblioteket var dette ein ny måte å organisere store prosjekt på som me vil ta med oss vidare.

Administrasjon og eigeninnsats

Fylkesbiblioteket har fått 50 000 for å dekke administrasjonsutgifter, det har i tillegg vore stor eigeninnsats utover det. Det same gjeld deltakarbiblioteka som har dekkja 20% eigeninnsats utover tildelt beløp. Enkelte bibliotek klarte ikkje å bruke 50 000 i prosjektmidlar og har fått nedjustert beløpet. Fire bibliotek måtte trekke seg utan å ha brukt midlar i det heile. Dette førte til at fleire bibliotek i prosjektet fekk mogelegheit til å bruke meir.

Planar for vidareføring

Mange av prosjektbiblioteka rapporterer at det vert vanskeleg å vidareføra tiltaka etter at prosjektperioden er over. Dei manglar personalressurs til å drive aktiv formidling utanfor biblioteket. Her er Tøyveskebiblioteket eit interessant unntak. Her seier eit stort fleirtal av biblioteka at dei ynskjer å vidareføre dette tilbodet i barnehagane. Frå prosjektleders ståstad er det nærliggjande å tru at dette har samband med dei nasjonale leselystmidla som vart fordelt gjennom fylkesbiblioteka i 2025. Desse pengane har forsterka og forlenga moglegheita til å styrke barnehagebarnas tilgang til litteratur.

Oppfølging av føringar i tildelingsbrevet

Vedlagt følger revidert regnskap, der det kjem fram at me har eit gjenståande beløp på 93.701 kroner. Dersom det er mogleg å behalde disse midlane foreslår me å nytte dei til vikarmidlar som me deler ut til prosjektbiblioteka som ønsker å satsa vidare på tiltaka i opphavleg prosjekt.

Regnskap

-
- [Revisjonsberetning Bok ut, Bok inn.pdf](#)
 - [Vedlegg 1 regnskapsutskrift Bok ut, bok inn 2024_1.pdf](#)
 - [Vedlegg 2 regnskapsutskrift Bok ut, bok inn 2025.pdf](#)

Vedlegg
